# LIV OG RØR

Medlemsblad for Kraftmuseets Venner

Nr. 1 - juni 2022


## Ny direktør frå august 2022

Liv Eirill Evensen er tilsett som ny direktør ved Kraftmuseet frå 1. august 2022.

Vi som er tilsette ved Kraftmuseet gler oss veldig til å ta imot ny leiar for museet. Fleire av oss kjenner Liv Eirill frå tida ho arbeidde i Odda kommune og vi er sikre på at styret har treft eit val som passar museet godt.

Vi er også glade for at vi har fått ein sjef som kjenner lokalsamfunnet godt og bur her.
Liv Eirill framstår som kreativ og kunnskapsrik. Samstundes har ho ein bakgrunn der ho har samarbeidd med styresmakter på alle nivå. Dette trengs i museumsarbeid!

Hos oss vil ho møte ein fleksibel og positiv organisasjon, som arbeider planmessig, men som ikkje er redde for å ta eit kraftttak når det trengs. Vi tenkjer dette vert ein god match og ønskjer Liv Eirill hjarteleg velkommen til Kraftmuseet.



Liv Eirill Evensen. *Foto: Geir Magne Austrheim*

**Sommarsesongen på Kraftmuseet er frå 30. mai til 28. august.**

**Ope kvar dag frå kl. 10-17**

# Likar du å jobbe med hage?

Då kan du melda deg til museumslaget eller Kraftmuseet!

Museet treng interesserte hage- og planteentusiastar til å ordna i den nydelege hagen midt i Odda sentrum. De vil få vera med å halda den historiske hagen ved like, då museet har ei liste over historiske blomar, tre og planter som har vore i hagen i ein periode på meir enn hundre år.

Hagen treng både ei og to par kjærlege hender (med grøne fingrar)!

Ta kontakt med leiar for Kraftmuseets Venner - Ingunn O. Mossefinn på Galleriet i Tyssedal for meir informasjon.



Er Rosentripstreet i museumshagen det einaste av sin sort i Odda? *Foto: Anne Gravdal Kraftmuseet*



Syriner og rhododendron, rabarbra og roser - ein nydeleg grøn oase midt i byen.

*Foto: Harald Hognerud, Kraftmuseet*

# Tur til Ytre Arna

Kraftmuseets Venner arrangerer høsttur til Ytre Arna Museum og Oleanafabrikken. Endelig kan vi reise på tur igjen, og vi gleder oss til å besøke industrisamfunnet Ytre Arna. Industrieventyret i Ytre Arna startet i 1846, og har mye til felles med vår historie i Odda ogTyssedal. Mange med bakgrunn fra Ytre Arna flyttet til Odda og Tyssedal for vel hundre år siden.

Det blir omvisning i Oleanafabrikken og Ytre Arna museum.

Ytre Arna Museum er et lokalhistorisk museum. Museet har ulike utstillinger knyttet til hverdags- og arbeidslivet fra tekstilindustristedet. Her kan vi oppleve glimt fra kulturlivet, lags- og organisasjonslivet, skolevesenet, Husfliden, Forbrugsforeningen og ikke minst det travle handelslivet i Ytre Arna. Arne Forbrugsforening fra 1867 er faktisk det eldste samvirkelaget i landet.

På Oleanafabrikken vil vi få en reise gjennom produksjonen, følge prosessen fra garn til ferdig produkt, og i butikken kan vi finne plagg fra den nyeste kolleksjonen og skatter fra tidligere kolleksjoner. Vi vil også ta en matbit og kaffe i Fargeriet Kafé som ligger i det fineste rommet i hele fabrikken.

Kraftmuseets Venner håper at mange blir med på høstturen.

***Kraftmuseets Venner***




Gatekunst i Ytre Arna. *Foto: Ytre Arna Museum*

# Tørkeår og straumskrise

## eit historisk tilbakeblikk

### Åra 1959 og 1961 var ekstreme tørkeår på Vestlandet, med lite nedbør som førte til tomme vassmagasin.

Allereie hausten 1959 vart det sett i gang rasjonering av straum då tilsig av vatn/snø hadde vore svært låg. Verksemdene sparte det dei kunne, men om lag 100 mann vart arbeidslause. Desse vart sett i sysselsetjingsarbeid på Eitrheimsvegen. Også kommunane Odda og Ullensvang sette i verk tiltak, som mindre gateljos m.v.
Ordninga varte til 1961, men monna ikkje nok.
Det vart lagt ut røyr frå Langavatnet og fram til kanten på Ringedalen for å freiste skaffe meir vatn ned i Ringedalsvatnet. Effekten vart liten eller ingen og Tyssefaldene ville prøve noko heilt nytt.

Den 27. september og den 01. oktober 1960 kom det tilbod om kraftlevering per båt. Direktør Stig Hysing tinga to båtar som skulle produsera straumen selskapet hadde forplikta seg til å levera til kraftleigarane.

To T2-tankarar; *Willpower* og *Lundy's Lane,* vart losa inn Sørfjorden frå Rotterdam.
Den eine båten ankra opp i Tyssedal, den andre i havnebassenget i Odda. Desse tankarane var bygde for å produsera straum til bombeherja byar i krigstid.
Til saman produserte båtane 200000 Kwh med 50 periodars straum i døgeret.

Problemet var at mykje i Odda var laga til å fungera på 25 periodars straum. No måtte alt elektrisk utstyr tilpassast førebels, medan alle venta på at regnet skulle koma. Utpå våren 1961 betra kraftsituasjonen seg, og fabrikkane fekk den straumen dei hadde rett på.

Slik fekk AS Tyssefaldene eit signal om at det var på tide å byggja ut Tysso II i Skjeggedal. Dette starta dei med i 1964, og frå og med 1967 kunne dei levera 50Hz straum til heile Oddasamfunnet for første gang, og til det nasjonale samkøyringsnettet.



T2-tankarane Lundy's Lane og Wilpower (tidlegare Wilchief) ankra opp utanfor Tysso I.
*Foto: Kraftmuseet arkiv*

# Ny tilsett

I januar tilsette Kraftmuseet Renate Trengereid frå Eikelandsosen i Bjørnefjorden. Renate jobbar no med marknadsføring opp mot alle museet sine fasilitetar, i tillegg til oppgåver knytt til formidling. Renate er utdanna marknadsførar, og jobbar med alt frå nettsider og sosiale medier til marknadsplaner. Før ho kom til Kraftmuseet, arbeidde ho som marknadsførar hjå Næringshagen i Ullensvang og Røldalterrassen



# Arrangement i Tyssedal 07. juni kl. 18

«Brakkebyen» i Tyssedal markeres med informasjons-skilt og arrangement.

**Brakker har det vært mange av i Tyssedal og Skjeggedal.**

I flere anleggsperioder har enkle bygninger vært satt opp for å raskt skaffe tak over hodet til mange. De første brakkene kom i 1906 nede ved Naustbakken og oppe i terrenget der anleggsarbeidet på kraftanlegget foregikk. På bergene ovenfor Kvernhusteigen kom det en hel «bydel» med brakker. Mange ble stående som permanente boliger. «Brakkebyen» ble et begrep og et folksomt område med liv og røre. Flere av brakkene fikk navn etter hvem som bodde der. Den siste brakka ble revet på 1980-tallet. Det var «Frelsesarmé-brakka».

Nå er alle bygningene revet for lengst, men Brakkebyen har fått sin egen informasjonstavle som står ved innkjøringen til Tyssedal kirke. Hovedansvarlig for å utarbeide og sette opp denne, var Bjørn Seim, sammen med Vidar Våde. Tirsdag 7. juni har Kraftmuseet og Kraftmuseets Venner en kort markering ved informasjonsskiltet. Vidar Våde vil fortelle om Brakkebyen og minnes sin gode venn og vår alles kjære Bjørn som døde så brått i vinter. Sammen synger vi Tyssedalssangen.

*Kraftmuseet*




*Skiltet som står ved kirka, viser den tidligere Brakkebyen.*

# Sommarsesong på Kraftmuseet

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tyssedal** | 30.05.-28.08. | Kvar dag | kl. 10 - 17 |
| **Lilletopp** | 25.06.-21.08. | Kvar dag | kl. 12 - 18 |
| **KraftLaben** | 21.06.-20.08. | Tys.-laur. | kl. 11 - 16 |
| **Lindehuset** | 02.07.-20.08. | Tys.-laur. | kl. 12 - 18 |
| **Byvandring** | 18.07.-19.08. | Mån.-fre. | kl. 18 |

I kraftstasjonen finn du resepsjonen, utstillingar, butikk og kafé.





# Har du e-post adresse?

Kraftmuseet Venner ønsker å samle inn e-post adresser fra medlemmene. Vi ønsker med tid og stunder å kutte ned forbruket av papir, og gå over til digitale løsninger. Dette har både miljømessige og økonomiske fordeler. Send inn di adresse til galleri@odda.info

Alle vil etter hvert få tilsendt meldinger og informasjon om arrangementer med mer, på e-post. I tillegg ber vi alle om å følge med på vennelaget sine egne sider på Facebook:  www.facebook.com/kraftmuseetsvenner.

Retur: Kraftmuseet, Naustbakken 7, 5770 TYSSEDAL

# Verv medlemmer til vennelaget!

Som medlem får du gratis inngang for deg, og den næraste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære opningstid. Du kan delta på Vennelaget sine årlege turar og arrangement.

Bladet Liv og Rør kjem i posten med informasjon frå Kraftmuseet og Kraftmuseets Venner. Du er med på å støtta stiftinga Kraftmuseet. Bli med i ***Kraftmuseets Venner*** og arbeid for eit godt museum for Odda og Tyssedal, for vasskrafta og prosessindustrien og deira bidrag til bygginga av det moderne Noreg.

Kraftmuseets Venner har også eiga facebook-side! Om du har lyst til å like oss, finn du sida her:

www.facebook.no/kraftmuseetsvenner

www.facebook.com/kraftmuseet

**Kontingentsatsar:**

| | | |
|---|---|---|
| Enkeltmedlemmer: | kr | 150 |
| Familiar: | kr | 200 |
| Foreningar og lag: | kr | 300 |
| Bedrifter, skular, osb.: | kr | 1 000 |

Kontakt: Leiar Ingunn Mossefinn
E-post: galleri@odda.info
Tlf.: 93441830

Kasserar: Greta Nordlund

På nettsida **www.digitaltmuseum.no** kan du leita gjennom Kraftmuseet sine om lag 17000 historiske fotografi. Finn du eit foto du kunne tenka deg å ha, tek du kontakt med fotoavdelinga på

post@kraftmuseet.no for tinging.

DigitaltMuseum

## Skal du arrangera kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnader:
kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.
Kontakt oss for tilbod: post@kraftmuseet.no - 53 65 00 50



www.kraftmuseet.no, www.facebook.com/kraftmuseet